

1  
2  
3 **ÅRSMELDING**  
4 **KYRKJELYDANE I ETNEDAL**  
5 **2021**

6 2021 vart eit nytt annleisår.

7 Heile verksemda var på grunn av koronapandemien omfatta av smittevern på ulike nivå heile  
8 kalendaråret. Ei lita periode frå september vart det lempa litt på tiltaka, men før jul vart  
9 smittevernregimet strengare att, så også dette året var det påmelding til gudstenestene juleaftan.

10  
11 **Overføring av andakter til Etnedalsheimen**

12 Takka vere frivillige forsangarar, hadde vi overføring av andakt frå kyrkja til Etnedalsheimen, i  
13 periodane med streng smittevernberedskap. Då Etnedalsheimen varsomt opna dørene att, fekk vi  
14 samlast der.

15  
16 **Besøksteneste**

17 Det vart gradvis opna opp att for heime- og institusjonsbesøk i 2021, men telefonteneste har også  
18 dette året vore eit godt supplement til fysiske besøk.

19  
20 **Sommaropen kyrkje**

21 Bruflat kyrkje var open fem veker i sommarsesongen. Gode frivillige medarbeidarar sørja for det,  
22 og mange var innom.

23 Vi prøvde å vere litt meir **nærverande på sosiale media**, men heldt ein relativ låg profil.

24  
25 Alle gode møte menneske imellom, er skapande arenaer i viktige fellesskap.

26 Denne dimensjonen ved livet har vore eit sagn også i 2021.

27  
28 **Sokneråda 2021:**

29 Bruflat sokneråd : Magnhild Claudius, leiar

30 Kjell Fjeld, nestleiar

31 Grethe N. Bjørnødegård, sekretær

32 Torill N. Stubbene, kasserar

33 Ingun Kompen

34 Sokneprest Marit Slettum

35 Ronald Rasmussen vart innvilga fritak frå vervet i Bruflat sokneråd

36 Turid Fossen Nysveen rykka opp til fast plass i rådet.

37 Laila Stenseth til 1. vararepr.

38  
39 Nord-Etnedal sokneråd:

40 Steinar Stenseth, leiar

41 Anders Grønbrekk, nestleiar

42 Oddbjørg Løvlie Hagaseth, sekretær

43 Kari Skogstad, kasserar

44 Sokneprest Marit Slettum

45 1. vararepr.: Jorunn Bergsbakken

46 2. vararepr.: May Britt Steine

47  
48  
49  
50 **1.1 MØTEAKTIVITET**

51  
52 Bruflat sokneråd : 10 møte 58 saker

1 N. Etnedal sokneråd : 6 møte 33 saker

2

3 **UTVAL UNDER SOKNERÅDA**

4 **1.1.1 Diakoniutvalet**

5 **Ragnhild Fagernæs, leiar**, Anne Marit Stensæter, Torill Stubbene, Ronald Rasmussen,  
6 Oddveig Bergsbakken, Jorunn Bergsbakken, Oddbjørg Hagaseth, Ellen O. Rudi,  
7 kyrkjelydsarbeidar og tidvis soknepresten, ved fellestiltak.

8 Møte: 2

9

10 **Lysfest i samband med lysmessa 1. søndag i advent**

11 Fasteaksjonskveld og dei fleste andre faste arrangement vart avlyst dette året,  
12 Eit arrangement vart gjennomført.

13 Diakoniutvalet tok også dette året medansvar for «lysarrangementet» på Bruflat  
14 i etterkant av lysmessa i Bruflat kyrkje fyrste adventsøndagen, 28. november 2021.

15 Leiar i soknerådet Kjell J. Fjeld sørge for julegran, kyrkjetenar Nils Kjell og  
16 organist Serhiy rigga og pynta treet.

17 Det vart arrangert fakkeltog, pakkeutdeling og servering i kyrkja etterpå.

18 Diakoniutvalet sørge for utearrangementet, medan konfirmantforeldre  
19 hadde ansvaret for serveringa i kyrkja etterpå. Presten avslutta med julekviss.

20

21 **TRUSOPPLÆRING**

22

23 **Trusopplæringsutvalet i Etnedal**

24 Kari Skogstad, Liv Gjertrud Telstø, Magnhild Claudius og trusopplæringsmedarbeidar  
25 Helena Wright.

26 Møte : 2

27

28 **Utdeling av 4- og 6- årsbøker**

29 Bruflat søndag 22. august. Utdeling av 6-årsbøker. 5

30 I etterkant av utdelinga var det ei onsdagssamling for 6- og 7-åringar.

31 Bruflat kyrkje 31.oktober. Utdeling av 4- og 2-årsbøker for begge sokn. 5 (4 år) 3 (2 år)

32

33 Det vart elles arrangert kirkerotteteater for 3 -, 4 - og 5-åringar, pluss 1. – og 2. klasse.

34 Totalt 39 var med. (Bruflat: 30, NE 9)

35

36 Tårnagentar, Lys vaken og julevandringar vart avlyst også i 2021,

37 men trusopplærer Helena Wright arrangerte saman med Ellen Rudi påskevandring  
38 utanfor Bruflat kyrkje 22. mars, måndagen før palmesøndag.

39

40 Både trusopplæringsutvalet, kyrkjestaben og sokneråda var involvert då  
41 trusopplærer Helena Wright leia revisjonen av trusopplæringsplanene.

42 Sokneråda handsama planene for sitt sokn hausten 2021, og begge vart godkjent av  
43 Hamar biskop.

44

45 **1.1.3 KONFIRMANTARBEIDET**

46

47 Konfirmantutvalet : Grethe N. Bjørnødegård, Yulianna Bykova, Øyvind Fagernæs,  
48 Klara Månun, Steinar Stenseth og soknepresten.

49 Møte: 1

50

51 **Konfirmantane 2020/2021**

52 Konfirmantar 2021 : Bruflat: 10 Nord – Etnedal : 3

1  
2 Konfirmantopplegget kom som vanleg i gang i januar, med bønnevandringar både i  
3 Nord-Etnedal – og Bruflat kyrkje og konfirmantsamlingar etter skuletid på onsdagar.  
4

5 Hekta-helga på Lillehammer i februar vart avlyst, men konfirmantane  
6 hadde ei søndagssamling på N. Lenningen seterhus 17. april, tilrettelagt av  
7 Yulianne Bykova og Klara Månun frå konfirmantutvalet. Fleire frå foreldregruppa var  
8 også med. Andre foreldre arrangerte akedag i Espelibygda i mars.  
9

10 Konfirmasjonane gjekk etter planen. 6. juni i Bruflat kyrkje  
11 13. juni i Nord-Etnedal kyrkje

12 Konfirmantane 2021/2022

13 Dei nye konfirmantane starta med introduksjonssamling i Bruflat kyrkje.

14 Klara Månun og Steinar Stenseth frå konfirmantutvalet var saman med  
15 prost Carl Philip Weisser på **vandring med konfirmantane** frå  
16 Kyrkjesletta til Nord-Etnedal kyrkje laurdag 11.september,  
17 Vandringa vart avslutta med kort gudsteneste og enkel servering i kyrkja.  
18

19 I november-desember førebudde Hege Bergmann Rotnes julespelet «Dei tre vise menn»  
20 av Aage Storengen. Det vart oppført på lysmessa 29. november.  
21 Juleaftan var konfirmantar med og las juleevangeliet i begge kyrkjene.  
22  
23  
24

## 25 2 GUDSTENESTELIVET

26  
27 **Gudstenesta er bærebjelken i kyrkjelydsarbeidet.** Dei ukentlege samlingane om Guds Ord,  
28 stillheit, bøn for bygd og land og folk, og feiring av Herrens nattverd, er rasteplassar vi frimodig  
29 inviterer til. Gudstenestefellesskapet har også dette året vore betydeleg amputert. Det var messefall i  
30 januar, påska og delvis i påsketida, og strenge smittevernreglar resten av året. Det har vore  
31 restriksjonar for nattverdfeiring, og i perioder har tilrådinga vore å ikkje feire nattverd.  
32

33 **Trusopplæringstiltak** er i normalår naturleg integrert i gudstenesteplanen for begge sokn, (Jfr.  
34 Årshjulet ) men dette året vart alt annleis.  
35

36 **Barnehagegudstenesta før jul var måndag 20. desember kl. 12.**

37  
38 **Skulegudstenesta** før jul vil framleis vere ein integrert del av samarbeidet skule-kyrkje, men måtte  
39 diverre avlysast også i 2021.  
40

41 **Grendegudstenestene** vart hovudsakeleg avlyst, men det var **plengudsteneste i Bruflatlie 30** hos  
42 Marit prest 27. juni, gudsteneste på Brusveen 4. juli (pga utarbeid i Nord-Etnedal kyrkje) og  
43 gudsteneste på seterhuset 1.august.  
44

### 45 **Klokkarar**

46 Det har ikkje vore fast tilsette klokkarar, men frivillige har stilt opp i begge kyrkjene.

47 **Nord-Etnedal:** Solfrid Skogstad, Sigurd Skogstad, Wenche Hillestad Møller,  
48 Inger Olaug Tollehaug.

49 Bruflat: Anne Marit Stensæter, Kari Wold, Håvard Telstø, Liv Gjertrud Telstø.  
50  
51  
52

1	3.	KYRKJELEGE HANDLINGAR 2021 ( 2020-tala i parentes)			
2			Brufat		N. Etnedal
3		Gudstenester	30	(29 )	15 ( 12 )
4		Døypte	2	( 2 )	1 ( 1 )
5		Vigde	1	( 3 )	2 ( 0 )
6		Gravferder	8	( 10 )	5 ( 2 )
7					
8		Takkoffer	kr. 40.460	(41.422)	kr. 13.918 (10.732)
9					

10 4 KONSERTAR

11 Det har vore 3 konsertar i kyrkjene dette året.

12 **Juli** : Organist Serhiy hadde to lunsjkonsertar ved sommaropen kyrkje.

13 Kulturkontoret hadde konsert med **Caroline Eugenie Synvis**

14 på TV-aksjonsdagen 21. oktober.

15 Dei tradisjonelle julekonsertane med kor og korps vart avlyst.

16

17

18 5 KYRKJEVARDEN

19 Kyrkjevarden hadde 4 utgåver også i 2021

20 Kyrkjevarden samarbeidar med Etnedal kommune om inntil 4 s kommune-info pr. nr.

21 Faste skribentar har vore Ingun Kompen, Wenche Hillestad Møller, kyrkjeverja og presten,  
22 som også er redaktør.

23

24 6. OMVISING – BRUFLAT KYRKJE.

25 Bruflat kyrkje var sommaropen fem veker 2021, og omvisinga vart gjort mogeleg ved  
26 dugnadsinnsats.

27 Marion Lundstein, Ragnhild Fagernæs, Ingun Kompen, Tone Steinset

28 Anne Marie Ødegaard og Solveig Skåren hadde ansvaret for ein eller fleire dagar kvar.

29 Tutta Solberg var omvisar i meir enn tre veker.

30

31

Sokneprest Marit Slettum